

Retningslinje for utslepp frå basseng i Stord kommune

Utslepp frå privat basseng skal i utgangspunktet handterast på eigen eigedom. Utslepp frå basseng som er større enn 5 m³ krev utsleppsløyve frå kommunen jf. forureiningsforskrifta § 11-3. Utsleppet skal ikkje sleppast inn på kommunalt avlaupsnett.

Stord vatn og avløp AS (SVA) set krav om at det skal monterast vassmålar på hovudinntaket for vatn i bustaden og tilbakeslagssikring i rett klasse. Det må sendast inn søknad om sanitærarbeid, og anlegget skal prosjekterast i samsvar med Stord kommune sitt sanitærreglement og TEK17.

Det må avklarast med bygningsmynde (Stord kommune ved eining for arealforvaltning) om tiltaket i tillegg er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Krav til søknad om privat utslepp frå basseng:

- Det må sendast inn kart som viser plassering av basseng og utsleppsstad, samt beskriving av utsleppsstaden.
- Avlaup frå basseng kan førast ureinsa direkte til sjø, føresett at dette går til minst 2 meter djupne under lågaste vasstand. Dette må dokumenterast i søknaden.
- Viss utslepp skal førast til terreng, skal dette handterast på eigen eigedom.
- Det skal leggjast vekt på å finna utsleppsstader der det ikkje kan oppstå konflikhtar med andre brukarinteresser.
- Viss det vert søkt om utslepp til terreng, må det leggjast ved beskriving av korleis infiltrasjonsgrøft skal byggjast opp, samt beskriving av stadeigne jordmassar og om disse er eigna til å ta imot gråvatn frå basseng.
- Viss gråvatn ikkje kan sleppast til sjø ved eigen løysing, må avlaup av klorhaldig vatn frå basseng nøytralisierast før utslepp. Viss klor må nøytralisierast, skal det leggjast ved beskriving av korleis dette skal gjennomførast.
- Søknad om utsleppsløyve må nabovarslas viss det kan oppstå konflikt med andre brukarinteresser i området, eller andre eigedomar kan verta påverka av utsleppet.
- Det må dokumenterast kva kjemikaliar som skal nyttast ved drift av bassenget.
- Utslepp frå basseng må ikkje førast inn på eksisterande reinsetiltak for avlaupsvatn (slamavskiljar, minireinseanlegg mv.) utan at reinsetiltaket er dimensjonert for så store mengder med vatn. Reinseanleggets hydrauliske kapasitet må ikkje verta overbelasta.
- Ved utslepp frå basseng til privat avlaupssystem, skal dette koplast på i etterkant av reinsetiltak. Beskriving av korleis dette evt. vert løyst må sendast inn.